

Kyrkjeklokka

Nr. 3 - 2011

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

75. årgang

Nye sokneråd

Kyrkjeklokka har i dette nummeret ei samla liste med namna på personane som er med i dei nye sokneråda i Stryn og Hornindal kommunar.

Side 4

Gudsteneste med gospel-glød

Tore Aas kursar oss i januar.

Side 5



Konfirmant-jubileum

for 50- og 60- års konfirmantane

Side 4



Frå taxisjåfør på Karmøy til vikarprest i Hornindal

Vår nye vikarprest gjev tydeleg til kjenne at basis for hans tru og forkynning er bibelsk forankra kristendom, og at han orienterer seg mot ei fast presteneste i Den norske kyrkja.

Side 10

Min salme

"Det er makt i de foldede hender"

Jeg har en fantastisk cd av Sigvart Dagsland, der han synger salmer. Den tar jeg fram i perioder og spiller den igjen og igjen. Setter på høy styrke og synger med den stemmen jeg har. Kjenner at det fyller meg med ærefrykt, håp og livskraft.

Side 14

Greftarør funne på garden Roset

Eit gammalt "greftarør" som truleg har tilhørt Rosetgrenda, er teke vare på og er i dag hengt opp på veggen i våpnhuset i Nordsida kyrkje.

Side 16

Etter 22. juli-tragedien

Fredag ettermiddag 22. juli vart vi vitne til ei hending som knapt nokon hadde tenkt kunne skje på norsk jord. Ei terrorhandling førte til at 86 menneske vart drepne, 77 under skytedramaet på Utøya, ni som følgje av bombeeksplosjon i Regjeringskvartalet. Ein nordmann stod bak det bestialske åtaket, det verste i fredstid i nyare historie. 22. juli vil i framtida bli ståande som dagen som forandra Noreg.

Jon Ytrehorn side 6

Stor aktivitet i speidar-gruppa i Stryn



Vi ynskjer å gi Kyrkjeklokka sine lesarar innblikk i to av desse leiropplevingane.

Side 7 og 8

Naustmesse

Andre pinsedag og sol og naustmesse ved Bergset-nausta! Bodvar Sølvberg sitt forslag om å legge ei naustmesse til andre pinsedag var ein glimrande idé.

Side 12



Vi kyrkjer!

Heidi, Sigrun og Henny er kyrkjelydspedagogar, som jobbar med barne- og ungdomsarbeid (trusopplæring) i kyrkjene her i Indre Nordfjord.

Side 2



Sjakk matt?



Av Magne Kristiansen
Ill. Magne Kristiansen

Då eg var liten ville eg gjerne sitte på fremste benk i kyrkja. Der fekk eg med meg det meste. Seinare oppdaga eg at det ikkje var så bra å sitte fremst, nokon kunne få mistanke om at eg var ein liten farisear under utvikling. Då var det betre å trekke bakover, så eg hadde alle farisearne foran meg. Eg vonar lesaren merkar ironien og poenget: Jo mindre farisear ein trur ein er, jo verre står det til.

Kristus er faren til himmelen. Den fyrste kristenforfylgjing har starta. Det er ca. år 33. Farisearen Paulus driv klappjakt på de første kristne. I sin store fromheit meiner han å gjøre Gud ei teneste ved å forfølge kyrkja. Seinare skulle han gremje seg over nettopp det. I år 55 e. Kr. skriv Paulus til menigheten i Korint:

"For eg er den minste av apostlane, eg er ikkje verdig til å kallast apostel, for eg har forfulgt Guds kyrkje." (1. Kor. 15, 9).

Tre år seinare, i år 58 e. Kr skriv han dei same orda til kyrkjelyden i Efesos, men med ein litt anna valør: *"Eg som er den minste av dei heillage, har fått den nåde å forkynne evangeliet om Kristi ufattelege rikdom for folkeslaga..." (Ef. 3,8).*

Seks år går, Paulus skriv til Timoteus:



"Det er eit truverdig ord og vel verd å ta imot, at Kristus Jesus kom til verda for å frelse syndarar, og blant dei er eg den største. (1. Tim. 1,15).

Fyrst farisear, rettskaffen og uklanderleg, med likevel hatefull og farleg. Så møter han Kristus og vert sjølv slegen til jorda, ikkje av hat, men av kjærleik. Som apostel er han medvete om si høge stilling, men plagast av si fortid. Etter som åra går, rykker han stadig nedover i divisjonane, no som den minste blant dei kristne. Til slutt må han stige heilt ned, stille seg utanfor, saman med tollarar og syndarar: *"... og blant dei er eg den største."* Meinte han dette eller var det berre en ny form for religiøs forfengelegheit? Vi får tro det var ekte vare det han serverer. Paulus var verkeleg plaga av at han hadde vore ein voldsman og torturist. Vi veit og at han hadde personlege fysiske og/eller psykiske skrøpelegeheiter som lokka fram det vonde i ham og sugde han ned i åndeleg mørke. Han kom i tvil om han kunne vere ein kristen med

hans rulleblad og personlege manglar.

Det er som Paulus ber ein kosteleg skatt i sine svake hender: At Guds nåde er nok, når mi tru og mine gjerningar kollapsar. Det er Gud som er god og har nåde nok for syndarar. Guds nåde er ei gåve til den som innser at ein ved neste trekk er sjakk matt.

Det finnast eit kunstverk der djevelen spelar sjakk med ein ung mann. Den Vonde ventar med giftig skadefryd på mannen sitt siste, desperate trekk. Ein gjest kjem inn i atelieret og studerer måleriet. Situasjonen er håplaus. Den unge mannen har grunn til å fortvile. Kunstnaren har gått gjennom trekka hundre gonger saman med sine vener og dei har konkludert mannen er fortapt. Djevelen kan roleg sette den unge mannen i sjakk matt ved neste trekk og krevje gevinsten: Den unge mannen sin sjel.

Då ropar gjesten: Hent eit sjakkbrett, still opp brikkene slik som på måleriet. Eg har løysinga!

Vi kyrkjer!

Heidi, Sigrun og Henny er kyrkjelydspedagogar, som jobbar med barne- og ungdomsarbeid (trusopplæring) i kyrkjene her i Indre Nordfjord.

Vi har ei facebook-side, som vi har kalla "vi kyrkjer". Gå inn på **www.facebook.com**, søk på "vi kyrkjer", og trykk på LIKER-knappen. Den med tommelopp!

På denne sida vil vi halde dykk oppdaterte på det som skjer av barne- og ungdomsarbeid i kyrkjene, og gje eit lite innblikk i utvalde augeblink i kyrkjelydspedagoganes kvardag.

Å kyrkje, kyrkjer, kyrkja, har kyrkja...

Kyrkje er ikkje berre ei bygning - det er òg eit verb, noko vi gjer. Saman. Vi kyrkjer.



Som en krone på hodet

Bokomtale av Gunnhild Bergset

Mari Saltkjel: *Som en krone på hodet – Fortellinger om kvinners prestekall.* (Verbum)

”Har du eit kall så har du ikkje noko val!”

Dette er ord frå Agnes Vold, ei av dei fyrste kvinnene i vårt land som gjennomførte praktikum etter teologistudiet. Mari Saltkjel presenterer ei god breidde av kvinnelege prestar i boka si ”Som en krone på hodet”.

Som Bibelen gjennom evangelistane, viser denne boka oss kor viktig det er at evangeliet blir forkynt gjennom menneske som ser og opplever livet på ulike måtar. Lukas var helsefokusert og har gjeve helbredsundersøkinga stor plass. Johannes var oppteken av relasjonar og av Guds store kjærleik til oss menneska.

I boka som Mari Saltkjel har gjeve ut i samband med at det i år er 50 år sidan den fyrste kvinnelege teologen vart ordinert til prest i den norske kyrkja, har ho formidla stemmene til kvinner som med sine ulike bakgrunnar har fått forkynne evangeliet med ulike innfallsvinklar til ulike menneske i ulike situasjonar.

Kvinner si presteteneste for 50 år sidan var ein kamp i kall og avkall. I mykje større grad enn for menn førte det å vere lydige mot prestekallet for ei kvinne til avkall på realisering av andre draumar. Det vitnar denne boka om gjennom mange av sine sterke historier.

I boka finn vi noko av forklaringa på kvifor mange menneske fekk oppleve forkynninga til mange av dei kvinnelege prestane som ei totalt ny forståing av evangeliet. Kvinneteologi, barneteologi og frigjeringssteologi; mykje av dette heng nøye i hop. Kvinner fekk no høyre forkynning som på ein heilt annan måte var relatert til eige kvinneliv, og barn kunne losast inn mot mysteriet Gud gjennom terminologiar som ikkje var henta frå Kanaans språk. Det var nettopp denne tilbakemeldinga Berit Andersen, ei av dei 15 kvinneprestane som har bidrege til denne boka, fekk frå kyrkjelyden: Ho brukte mindre Kanaans språk! I livet er det ikkje ein bås for religion, ein for barneoppdragelse, ein for nattevaking, ein for

omsorg for gamle foreldre,- nei i livet heng alt i hop, og dermed må også forkynninga henge i hop! Sjølv seier ho at målet var ikkje å forkynne på ein ny og annleis måte, men å forkynne evangeliet for alle menneske i alle situasjonar! Men ikkje alle såg det på same måten, og presten Berit opplevde at kollegaane sende eit brev, konfidensielt og bak ryggen hennar, om at dei ikkje ville samarbeide med henne. ”Kallet og viljen til å studere teologi og forkynne evangeliet gav meg styrke til å gå mot straumen” seier Berit som seinare vart domprost i Stavanger.

Boka fortel også om dei prestane vi misste før dei kom i mål. Dei kvinnene som ikkje klarte å stå i den kampen som skulle til for å nå dit som dei opplevde at Gud ville ha dei. Dette er eit av dei sår som rektor ved MF, Vidar Hånes, bad om unnskyldning for i si tale til Norsk kvinnelig teologforening sitt 50-års jubileum. Ei bøn om unnskyldning på vegne av MF si handtering av kvinneprestspørsmålet.

Boka aktualiserer at det å stå for tradisjonelle kristne verdier ikkje er å halde fast på teoretiske dogme til alle tider, men å la nye erfaringar og ny kunnskap forme ny erkjenning og handling ut frå evangeliet si kraft. Rett som det er har kyrkja vår måtte stå fram og be om tilgjeving for det som er blitt gjort mot grupper av menneske som er behandla dårleg av kyrkja sine tenestefolk i ”god tru”. I god tru inntil vi forstod at den ”gode tru” var full av fordomar og ærekrenkingar.

I boka til Mari Saltkjel får vi inderlege møte med kvinner som har hatt høgst ulike prestetenester. I organisasjonar, på rusavenningsklinikkar, i bydelar prega av religiøst mangfald, i øy-og bygdesamfunn og i forsvaret. Men midt i alt finn vi desse kvinnene som sterke ambassadørar for å gjere Jesu betingelseslause kjærleik kjend for alle menneske.

Boka handlar om kva desse 15 kvinneprestane ser på som viktigast i si gjerning, ikkje om at det ikkje kan finnast mannlege prestar med liknande agenda. Men når vi les desse tekstane kan eg nikke i mitt indre og seie at presterolla i landet vårt har endra seg mykje etter at også kvinnene



vart ein del av preste-skapet. Kvinner i presteutdanning og prestegjerning har nok ført til at mange mannlege prestar har blitt påverka i sin måte å forkynne på. Og slik kan kvinner og menn inspirere kvarandre vidare i denne viktige oppgåva; å spreie budskapet om Jesu kjærleik til alle dei trøtte og alle dei opplagde.

”Drømmen om et kvinnefritt Bjørgvin er for lengst gått i vasken” siterer Marit Espedalen i boka frå eit brev ho fekk frå biskopen i Bjørgvin i 1994. For eigen del vil eg seie at vi er mange som er gla for det. I arbeidet med å utbreie evangeliet treng vi at alle som kjenner på kallet til å delta i dette må få mot til å utføre si gjerning i kyrkja etter Guds gode vilje.

Som ei avslutning vil eg ta med eit lite sitat frå boka frå Mari Saltkjel sin mentor: ”Du skal huske at livet er både en kamp og en skaperkraft. Som prest kan du velge å være i kampen og oppleve at den gir deg glede i blant. Men du kan også velge å være i gledene og oppleve at av og til kan gleden kreve både kamp og hardt arbeid”.

Boka til Mari prest er lettlesn og oppbyggelig og vel verd å lese. Historiene blir forsterka av flotte bilde av fotografen Sanna Sjöswärd.



Valresultat for soknerådsvalet

Oppstryn sokn:

Medlemmer:

1. Marit Elisabeth Gjørven Berge
2. Kolbein Fred Ragnar Kaspersen
3. Berta Margrete Urke Berge
4. Øyvind Flo-Thorsdal
5. Kolbein Fridtun
6. Sonja Skaare Esperø

Varamedlemmer:

1. Birger Skåre
2. Edvard Aarnes
3. Siv Petra Guddal Flo
4. Liv Emilsen
5. Oddny Elise Helle

Nedstryn sokn:

Medlemmer:

1. Tore Bøe
2. Sigrid Oddrun Leite Paulsen
3. Tor Guddal
4. Sigrun Berge Raae
5. Alis Midland Hunnes
6. Hilde Nesje
7. Hans Ørjasæter
8. Knut Hatlelid

Varamedlemmer:

1. Kristin Aaning
2. Karin Lunde Vinsrygg
3. Anne Mari Alden
4. Grethe Sunde Langeset
5. Turid Kråkenes Lefdal

Loen sokn:

Medlemmer:

1. Jorunn Solveig Tomasgaard
2. Karin Magenbauer
3. Stein Ove Sæten
4. Tone Lise Loen
5. Ingri Grov Kämpf
6. Bjarne Strand

Varamedlemmer:

1. Hildegunn Marie Standal Dragsund
2. Jorunn Brattaker Loen
3. Gunnar Albert Nystøyl
4. Arne Frode Drageset
5. Sissel Storøy Tennebø

Olden sokn:

Medlemmer:

1. Kari Synnøve Muri
2. Halvard Muri
3. Møyfrid Sømme Kvamme
4. Geir Flåten
5. Kjellaug Astrid Sunde Molnes
6. Ottar Åbrekk
7. Oddrun Elisabeth Grodås
8. Kari Ragnhild Sunde

Varamedlemmer:

1. Gunnhild Karin Muri
2. Ragnhild Kvame
3. Arvid Vanberg
4. Jakob Lars Aaberg
5. Berit Johanne Muri Lundevall

Innvik sokn:

Medlemmer:

1. Ragnhild Johanna Vambeset
2. Hildegjerd Havåg Bjørlo
3. Dag Vanberg
4. Kjellaug Margretha Skåden
5. Asbjørn Heggdal
6. Bjørg Helen Kvame

Varamedlemmer:

1. Asle Lyslo
2. Terje Raftevoll
3. Mariann Hilde Yri
4. Steinar Frøholm
5. Ingvild Ulvedal Tisthamar

Utvik sokn:

Medlemmer:

1. Anne Karin Eriksen
2. Jorun Skinlo Tisthamar
3. Roar Verlo
4. Ola Steinar Hestenes
5. Torill Hage
6. Rolf Erlend Hilde

Varamedlemmer:

1. Åse Torill Hestad
2. Olav Rune Myklebust
3. Bjørg Anita Valaker Njøsén
4. Lindy Paulen
5. Per Bjarne Tisthamar

Hornindal sokn:

Medlemmer:

1. Elsa Aslaug Ommedal
2. Ole André Dahl
3. Christine Helgesen Haugen
4. Marte Kristi Utvær
5. Toril Flo Kroken
6. Anne Elin Ekornesvåg
7. Kari Agnete Svarstad
8. Kristi Elisabeth Muldsvor

Varamedlemmer:

1. Øyvind Seljeset
2. Ola Rasmus Fannemel
3. Susanne Marie Hove Sollid
4. Bjørn Inge Lødemel
5. Rasmus Einar Brendefur

Randabygd sokn:

Medlemmer:

1. Reidar Magne Sørland
2. Trine Marie Aanonsen Alme
3. Eivind Rune Hopland
4. Elisabeth Strøm

Varamedlemmer:

1. Jan Ove Hopland
2. Lene Olsen
3. Torunn Egge
4. Roger Aaland
5. Eldrid Kristin Tvinnereim Aaland

Nordsida sokn:

Medlemmer:

1. Grete Elin Roset
2. Rune Berglid
3. Odd Magne Nygård
4. Gunnhild Bergset
5. Oddvar Bergset
6. Anne Stubdal

Varamedlemmer:

1. Knut Sigurd Gald
2. Aud Kirsten Ulvedal
3. Isak Gald
4. Randi Oddveig Jøingsli
5. Astrid Reidun Berglid Bakken

60 års-konfirmantane

som var samla til fest på Raftevoll hotell 20. august. då. Vi hadde festmiddag saman med 50 års-konfirmantane.

Dagen etter deltok dei ved guds-tenesta i Hornindal kyrkje der Gunnar Skrede var prest den dagen. Det var ei vellukka samling.

På biletet ser vi:

1. rekke f.v. Roald Heggen, Ingerd Fannemel, Gunnar Skrede.

2. rekke f.v. Brita Lillestøl Brandvoll, Elin Skrede Sandbakk, Liv Heggen Bruvoll, Åsta Seljeset Brendefur, Ester Solvik Vestre, Gunhild Kirkhorn Hum-
borstad, Ingunn Løvlid Lødøen.



Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er: Rune Berglid, post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement: John Selmer Skiftesvik, 6788 Olden, tlf. 57 87 33 85 john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor
Tlf. 57874123
Mobil 91184241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, onsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57874115
harald.runde@c2i.net

STRYN prestekontor
Tlf. 57874812
Mobil 91103134
Sokneprest Kjetil Netland
Privat 57871029
kjetil.netland@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor
Tlf. 57879833
Mobil 98204112
Vikarprest Trond Lilleheim
Kontortid:
Måndag 8-15 og torsdag 9-13

KYRKJEVERJER
Stryn kommune
Svein Rønne
Tlf. 57874811 Mobil 91327882
svein.ronne@stryn.kommune.no

Hornindal kommune
Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57879834
Privat tlf. 57879653
Mobil 97084120
Måndag 8-15, torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Gudsteneste med gospel-glød

Tore Aas er fyrst og fremst kjend som opphavsmann, dirigent og komponist knytt til Oslo Gospelkor. Men no vil vi bli kjend med han som gudstenes-tefornyar og inspirator for alle oss som skal ta i bruk ny gudsteneste om eit par månader. Kor, musikarar, kyrkjemedlemmer, merk dykk helga 13.-15. januar.



Tore Aas kursar oss i januar.

Fyrste søndag i advent er dagen for å ta i bruk ny gudstenesteordning i Den norske kyrkja. I fleire år har det vore prøvd ut ulike opplegg, og på kyrkjemøtet i april i år vart det vedteke kva som skal gjelde i nokre år framover. Dramatiske endringar har ikkje skjedd, men sokneråda står fritt til å forme ut deler av gudstenesta som dei ynskjer det sjølve.

Den største utfordringa blir nok musikken. Minst ti komponistar har jobba med å lage ny musikk til gudstenesta, og det tek tid å setje seg inn i alt dette stoffet. Då kyrkjelyden i Nedstryn byrja å jobbe med ny gudsteneste for tre år sidan, såg vi at musikken som Tore Aas har laga, skilde seg frå dei andre forslaga med det at han var tydeleg rytmisk, lagt til rette for band, og framfor alt lett å lære. Ved sida av å bruke den gamle, kjende liturgien, tok vi denne i bruk på ei lang rekkje gudstenester. Alle som har uttalt seg om denne musikken har vore positive, og det er slett ikkje berre ungdom som har gleda seg over dette supplementet til den kjende gudstenestemusikken.

No ynskjer vi å dele erfaringane våre med heile indre Nordfjord, og vi har invitert Tore Aas til å kome hit og vere saman med oss ei heil helg. 13.-15. januar kjem altså kom-

ponisten sjølv for å inspirere kyrkjelydane, kora i kommunane og ikkje minst kyrkjemusikarane og frivillige spelemenn- og kvinner. Vi vil vere i Olden, og både kor, kyrkjelyd og orkester vil jobbe fram mot ei gudsteneste i Olden kyrkje søndag den 15. jan. Vi vil sjølvstilt invitere Tore Aas til å øve inn eit par gospelsongar til framføring denne dagen, sidan vi trur det blir mange korsongarar med på dette seminaret.

Vi invitere altså alle kor i Stryn og Hornindal kommunar til å melde seg på, ikkje berre kor for vaksne, men like mykje barnekor og ungdomskor som er aktive i bygdene våre. Alle kyrkjelydsmedlemmer bør eigentleg få med seg dette seminaret, for å lære denne musikken godt. Det er mykje kjekkare å vere på gudsteneste når ein kjenner liturgien og kan delta fullt ut. Musikarar vil vi også trenge. Alle kyrkjelydar som vil ta i bruk denne musikken bør utfordre bandmusikarar til å delta på seminaret og sjølvstilt bruke kunnskapen sin vidare i gudstenestesamanheng i heimbygda.

Vi skal ikkje setje strek over alt vi kjenner frå før. I lang tid framover blir nok den kjende liturgien den mest brukte. Men vi ynskjer å oppdatere oss på eit alternativ som alle kan, slik at vi kan variere noko. Det er ein stor fordel at vi lærer det same i indre Nordfjord, vi sirkulerer litt mellom kyrkjene og ikkje minst; konfirmantane har felles opplegg og deltek i fleire kyrkjer i løpet av konfirmantåret sitt. Det er mykje anna i gudstenesta som kan varierer utan at vi kjenner oss frammande, men det er alltid godt å kjenne musikken viss vi skal delta fullt ut. Difor: Set av denne aktuelle helga i januar, og ver med å skape ny gudsteneste i indre Nordfjord.





Av Jon Ytrehorn

Tankar langs vegen ...



Etter 22. juli-tragedien

Fredag ettermiddag 22. juli vart vi vitne til ei hending som knapt nokon hadde tenkt kunne skje på norsk jord. Ei terrorhandling førte til at 86 menneske vart drepne, 77 under skytedramaet på Utøya, ni som følgje av bombeeksplosjon i Regjeringskvartalet. Ein nordmann stod bak det bestialske åtaket, det verste i fredstid i nyare historie. 22. juli vil i framtida bli ståande som dagen som forandra Norge.

Men det som følgde i dagane etterpå var også heilt uventa. I staden for rop om hemn, valde folk å trøyste kvarandre. I staden for å byggje opp hat mot gjerningsmannen viste ein omsorg for dei mange som leid vondt. Kyrkjene vart rom der menneske samlast for å gje rom for sorg og fortvilning, fellesskap og bøn. Utanfor domkyrkja i Oslo kom eit blomsterhav vi aldri har sett maken til. Til heile verda gjekk det fjernsynssendingar, og folk kunne knapt tru kva dei såg.

22. JULI og tida som følgde vart dagar då vi tok fram det beste i oss: Hjelpekorps, brannfolk, politi, frivillige, lokale beredskapsteam som raskt trådde til i byar og bygder der familiar hadde opplevd eit ufatteleg tap av sine kjære. Den tragiske hendinga førte til at vi vart knytte sterkare til kvarandre som folk. Vi fekk sjå ein konge som kjempa med gråten, han kom oss så nær! Vi opplevde ein statsminister som viste kjensler, men trygg og tydeleg heldt fram at frykta ikkje skulle få overtaket. Vi opplevde innvandrarakar med ulik hudfarge, kultur og religion som sterkt identifiserte seg med Norge og nordmenn og varmt viste si medkjensle. 22. juli var ikkje berre ein dag for ufatteleg vondske. Det vart også starten på ein bølge av nestekjærleik, omsorg og varme i folket vårt.

Jesus seier: Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre. *JOH. 13,34*

NESTEKJÆRLEIK, omsorg og respekt for menneskeverdet er kvalitetar som spring ut av vår kristne-humanistiske tradisjon.

” Når tragiske ting skjer skal vi ikkje spørje etter ei religiøs forklaring, men handle slik at noko godt kan vekse fram.

Måtte vi alle gjere vårt til at slike kvalitetar framleis kan vere levande iblant oss, ikkje bleikne og tape i møtet med kvardagens materialisme og eigenkjærleik. Og vi har lært noko viktig av det som skjedde som vi no ser klårare: Vi har lært at det går an å møte det vonde med det gode, slik Jesus Kristus ber oss gjere. Men vi har og lært at sjølv i eit samfunn der demokrati og friedom rår, vil det finnast menneske som er i stand til å gjere dei mest djevelske handlingar. Når intelligens og kreativitet er på topp hos eit menneske medan samvit og moralske sans er i revers, då kan det mest grufulle skje. Det vi har opplevd av terrorhandlingar ute og heime det siste tiåret viser at religion kan vere ei mektig kraft til det gode, men og ei uhyggeleg kraft til det vonde. Derfor vil ei velfungerande overvakingsteneste vere nødvendig, ikkje minst i samfunn med ope og demokratisk styresett.

DET ER IKKJE TIL Å FATTE at menneske kan la seg styre av vondske slik vi har sett denne sommaren. Men ut frå bibelsk lære er det ingen framand tanke at menneske med alle sansar intakte kan gje seg over til vondsken. Bibelen understrekar at der er to makter i tilveret: Gud – og hans motstandar Djevelen. Gud kallar oss til å opne oss for Lyset og vandre med Kristus. Kampen mellom Lyset og Mørkret går føre seg i kvart enkelt menneskehjarte. Ulike styresett eller politiske system kan ikkje åleine skape eit godt og trygt samfunn. Før eit

samfunn kan forandrast må mennesket sitt hjarte forandrast!

NÅR DETTE ER SAGT må vi leggje til: Vi må ikkje leite etter billege forklaringsar på vondsken vi ser rundt oss. Som til dømes at 22. juli var Guds straffedom over landet vårt, liksom 11. september var Guds straffedom over USA! - At terrortåtak eller tsunamiar skal forklarast som Guds straffedom over eit folk er ein uhyrleg tanke som klårt må avvisast. At ulukker og tragediar skal vere uttrykk for Guds straff over menneska er ein tanke som ikkje har rot i Det nye testamente. Jesus sjølv avviser ein slik måte å tenkje på når læresveinane møter ein blindfødd mann og spør Jesus om det er mannen eller foreldra hans som har synda. (Joh 9, 1-3).

VONDSKAPEN er eit problem så stort at korkje filosofiske eller teologiske forklaringsar kan kome til rette med det. Gud står ikkje bak dei vonde hendingane. Men Gud kan bruke også det vonde som skjer til noko godt. Frå det grufulle kan noko nytt spire. Når tragiske ting skjer skal vi ikkje spørje etter ei religiøs forklaring, men handle slik at det gode kan vekse fram. Og vi skal ta lærdom av det som skjer. Som samfunnsmenneske er Guds kall til oss å arbeide for rettferd og tryggleik, friedom og fred. Som enkeltmenneske kallar Gud oss til å vise kjærleik, omsorg og fellesskap, spesielt i møte med menneske som opplever alvorlege tap, sagn og sorg. Ikkje minst når blitzlampane er slegne av og journalistane er reiste heim.

Eg ser du har det vondt
men eg kan ikkje
grina alle tårane for deg
du må grina de sjøl
men eg vil grina med deg

Eg ser at du er redd
men eg kan ikkje å i døden for deg
du må smaka han sjøl
eg har gjort død til liv for deg

*FRÅ SONGEN "EG SER"
AV BJØRN EIDSVÅG*

Hvis en mann kan vise så mye hat,
tenk hvor mye kjærlighet vi alle
kan vise sammen!

HANNE GARNSTAD, SUNNDAL

Stor aktivitet i speiargruppa i Stryn

I 2011 feirar vi 100 år med speiding i Noreg, og i Stryn er aktiviteten større enn nokon gong. Det siste halvåret har vi hatt 15 patruljer i sving, ei av dei har vore i Sveits på skileir i februar, ei anna i Mexico på internasjonal leir i april, heile gruppa hadde leir i Lodalen i juni, og til slutt var ei patrulje i Tyskland på Europeisk leir i august. Ein representant frå gruppa vår var også på den store verdsjamboreen i Sverige, der nærare 40000 speidarar deltok. Vi ynskjer å gi Kyrkjeklokka sine lesarar innblikk i to av desse leiropplevingane.

Gruppeleir i Lodalen

70 speidarar møttest til teltleir på Bødalsanden i pinsa. Sjølv om det er kort tid med berre tre dagar på speidarleir, gjorde vi som vi brukar å gjere, bygde leiren med



Knut Olav Øvreide førebur leir.

bord og benker, gruer og flaggstong. Alt skulle vere som på ein vanleg leir. Rovergruppa "Råttitå" møtte tidleg på dag fredag for å ta ned raiar, byggemateriale til leiren.

Saman med soknepresten fekk dei på plass over 100 trestammar som skulle nyttast til bygginga. Vidare konstruerte dei stativ for søppelsortering og fekk på plass kanoar og store telt til fellesutstyr. Då speidarane kom neste morgon var alt klart til å ta imot dei. Vi hadde gjester frå Selje.



Padling er ein fast aktivitet på leirar i Lodalen.



Erikke Lunde lærer toppsurring av Aslaug Håøy Nygård.

Desse har ikkje vore ofte på leir og dei var spente på kva dei ville møte i Lodalen.

Men som alle oss andre fekk dei nokre fine dagar mellom fjell og vatn på Bødalsanden.

Aktiviteten på leir er todelt. Vi har eit program der vi fokuserer på lek og læring og vi har det daglege arbeidet som gjeld matlaging, oppvask og ansvar for ved og vatn. Når det gjeld det siste er det eit poeng at alle tek del. Vi har fire måltid for dag, og det går på omgong å førebu og rydde etter måltida. Det høyrer kanskje traurig ut, men matlaging er faktisk ein populær aktivitet. Og kjekt er det når alle er benka rundt bordet og kommentarane kjem: "Dette var jammen godt!" Aktivitetane elles går mykje ut på å lære nye dugleikar, her skal vi padle i kano, lære fyrs-tehjelp, lage mat på bål, spikke, knyte knutar og lage byggverk, tove og konstruerer sommarfuglar.

Fritidsaktivitetar som bading og ballspel høyrer sjølvstøtt også med. Også bibelkunnskap og trusopplæring foregår gjennom aktiv deltaking. På denne leiren laga speidarane gudsteneste i felelskap og dei tok del i sporleiken "På sporet av Jesus" som enda i Sakkeus sitt hus, der han heldt fest for alle dei framkomne. 100-årsjubileet til speidarane vart feira med stor kakefest,



Blid leirjente.

der alle patruljene laga kake (utan steikeomn) til eit stort kakebord.

Skal seie det kom godsaker på bordet, det er mest ikkje grenser for kva ein kan få til når ein set fantasien i sving.



Med soknepresten på leir har vi alltid morgonkaffi klar.

Europeisk leir i Tyskland

9 speidarar frå Stryn reiste til Lorelei i Tyskland den fyrste veka i august. Det var rovergruppa "Råttitå" som hadde fått tilbodet, i tillegg var det med leiarar og ein ivrig speidar frå 9. klasse. Turen gjekk med tog gjennom Sverige og Tyskland, miljøvenleg og sosialt skulle det vere. Leirstaden låg rett og slett oppe på Lorelei-klippa ved Rhinen, 125 m over elva og med utsikt til alle kanter. Her var 300 deltakrarar, ikkje nokon stor leir, men i staden oversiktleg og intim. Her var speidarar frå Finland, Tyskland, Ungarn, Sveits og Noreg, alle medlemmer i KFUM. Det var teltleir, men elles var det ikkje lagt opp til særleg mykje bygging. Maten vart servert ferdig, og bord og benker sto klar for oss, alle under tak. Det var dermed større



Her blir karusellen testa med stort hell.

fokus på aktivitetane, og meir fritid enn vi får på ein vanleg leir i Noreg.

Gruppa frå Stryn gjorde seg gjeldande med å bygge karusell, som dei andre deltakarane fekk "snurre seg" på. Dette vart svært populært og leiarar frå andre grupper gjorde store auge. Vidare markerte vi oss i indiaka-turneringa, der laget vårt kom på 4.-plass.

Tre av dagane hadde fullt program. Høgdepunktet på leiren var nok haiken, som gjekk over 38 km og varte i to dagar. Midtvegs i løypa var det overnatting i eit badeanlegg. Her kunne vi nytte bassenga så



Her er karane som kom til 4.-plass i Indiaka-turneringa. Frå venstre: Andreas Nesdal, Knut Olav Øvreide, Erik Guddal Sunde, Joachim Forberg Sæbø, Jørgen Runshaug.



Utsikt over Rhinen.

lenge det var lyst og seinare rulla vi ut madrassar og soveposar på plenen og sove der om natta. 300 speidarar som søv under open himmel er ikkje noko uvanleg syn, men her satsa vi heilt utan presenningar og teltdukar som vern mot regn. Det gjekk heldigvis bra. Ein dag reiste vi til Koblez med chartra båt. Heile leiren reiste ned Rhinen til ein innhaldsrik bydag i ein flott by. Dette var ein varm dag, og litt fritid i byen gjorde godt. Mykje god is fekk bein å gå på. Elles gjorde speidarane sitt for å markere seg i byen. Det var aktivitetar og "stunt" på ulike



Solve Bø Hunvik viser omsorg på ein varm bydag.

opne plassar og mang ein innfødd stoppa og studerte speidarane sine mange uttrykk. Impulsiv dans og "stretching" høyrde også med.

Leiarsituasjonen

Vi har eit veldig flott leiarteam i speidargruppa i Stryn. Dei fleste har halde på iveldig mange år, og nesten alle har ansvar for meir enn ei patrulje. Vi skulle nok ynskje oss

at fleire var med og delte på oppgåvene. Vi får stadig høyre at arbeidet vårt er verdfullt, men det er vanskeleg å få nye vaksne til å binde seg til oppgåver. Vi har heldigvis hyggelege innvandrarar i Stryn, så leiargruppa har blitt utvida med vaksne frå Danmark, Tyskland og Sri Lanka. Dette gir oss ekstra perspektiv og inspirasjon. Som hovudleiar i gruppa vil eg oppmode vaksne menneske i Stryn om å melde seg til teneste, gjerne som backup, men helst som faste leiarar som kan ha eit patruljemøte annankvar veke.

Og tru meg: For dei fleste tek det ikkje krefter å ha ein slik liten bijobb, det gir krefter og overskot i massevis. Nær kontakt med born og unge er svært gjevande, og leiarfellesskapet i Stryn KFUK-KFUM-speidarar er upåklageleg. Den som seier ja til alt, får med seg mykje! Tenk på det, og ring gjerne undererteikna og meld dykk til teneste.

Invitasjon til nye speidarar

Speidargruppa i Stryn har tilbod frå 3. klasse og oppover. Aktivitetane for dei yngste speidarane handlar om å oppdage og leike, og vi er mykje ute. Vi skal lage bål, lage mat på bål, lære enkel førstehjelp, gå natursti og sporløp, padle kano, knyte knutar, høyre forteljingar frå Bibelen – og ha mykje moro!

Speidarmøta for 3.-klassingane blir rett etter skuletid annankvar måndag. Fyrste møtet blir måndag 5. september. Leiarane kjem til Tonning skule og hentar dei som skal vere med kl 14.30, og går i lag med dei bort til speidarhuset på Øyra. Vi er ferdige kl 16.00, og då kan borna bli henta ved speidarhuset.

På Storesunde er det eiga speidargruppe. Leiaren der Kari Hamre Tunold har fått med seg unge, spreke hjelparar i år, og dei tek direkte kontakt med borna på Storesunde skule.

Der er plass til fleire speidarar på mange patruljer. I fjor hadde vi ikkje tilbod til jenter i 5. klasse. No er dei blitt 6. klassingar, og får tilbod på nytt. Når dette står på trykk i Kyrkjeklokka har nok alle desse fått ein skriftleg invitasjon. Nye speidarar som går på ungdomsskulen må spesielt merke seg den store internasjonale aktiviteten som gruppa har.

Henny Koppen

Tlf. 916 01 630

henny.koppen@eninvest.net

Pilegrimshelg i Sjøk 19.–21. aug.



Pilegrimssamlinga starta med konsert i Norberg kyrkje fredagskvelden; *"Vandringstonar på vegen mellom aust og vest."*

Skjåk har ei musikkgruppe dei kaller kyrkjemusikarane, der prestefamilien er delaktige på instrument og sang, verkeleg ei oppleving og høyre dei. Nordfjord hadde også sitt bidrag gjennom vår eigen Arne Sølberg. Han kjenner musikk miljøet aust om fjellet, og det han tok med seg frå vestsida var verkeleg bra, og fall i god smak. Vidare hadde Reidar Svare ei avdeling med eldre salmar og melodier. Med si gode stemme vart det ei fin framføring.

Bjørn Jensen frå Selje avslutta med gregoriansk completorium.

Skjåkværingane slutta opp om kvelden i kyrkja, det var ganske fullt i benkane, og etterpå samlast vi i kyrkjestugu. Det var interessant og hyggjeleg å prate med naboane i aust. Ein hadde mange felles kjende, og det syner at det har vore utveksling mellom bygdene i lengre tid. Skjåkmat fekk vi og smake på medan vi prata.

Laurdag var det seminar på Grotli, med interessante tema og dyktige innleiarar. Hans-Jakob Dahl, leier av pilegrimssenteret på Dovre hadde tema over *"Hvorfor vandre?"* Han meinte det var viktig og knyte saman dei tre helgenstadane Oslo med st. Halvard, Nidaros med st. Olav og Selja med st. Sunniva.

Prostidiakon i vest Telemark, Eilev Erikstein, hadde tema om pilegrimsvandring og helse, fysisk og psykisk. Professor Lisbeth Mikaelsson om den heilage Sunniva og Selja. Olavtradisjonens røter og pilegrimenes vegar, ved Arne Bakken, pilegrimsprest i Hamar.

Nasjonalparkforvaltar i Breheimen, Bjørn Dalen, hadde temaet *"På leit etter spor over fjellet til Nordfjord"*.

Innslag av tidebøner var det soknepresten i Selje, Kari Leine Balog, som stod for.

Etter ein dag i klasseromet vart dei aller fleste med på ei vandring i terrenget ved Heillstuguvatnet, *"Midtfjells til fjordane"*,

med Bjørn Dalen som leiar. Dette var fin og god trim før vi avslutta dagen med festmiddag på Grotli.


"På vegen mellom aust og vest" frå Skjåk til Selje. Olavsleia mot Nidaros skal knytast til Sunnivaleia til Selja. Som avslutning på seminaret vart det på søndag tur til Vassvenda mellom Skjåk og Stryn. Der var historiske "tablå", nedlegging av ein grunn-



stein for pilegrimsleia. Den skal seinare vere ein del av ei kunstutstilling som Statens vegvesen skal stå for. Så var det gudsteneste med biskopen i Hamar, sokneprestane i Skjåk og Selja, med helsing frå Nidaros og bjørgvin.

Kyrkjekaffien var kjelkoka kaffi og skjåkbakst. Ei oppleving for ca 75–80 personer, fint veir men fjelltrekken kjøler i 1100 m høgde. Pilgrimsleia skal arbeidast vidare med, i detalj og på lokalplan.

Helsing
Jakob Lars Aaberg, deltakar



P52 - historia om Bibelen

Lunde Forlag 2007, hefta, 64 sider.

Frå baksideteksta: "P52 er den eldste biten av eit nytestamente som nokon gong er funnen. Den vesle biten blir datert til om lag år 125 e.Kr. og er eitt av mange funn som gjer Bibelen til den mest pålitelege boka som finst frå antikken."

P52-historia om Bibelen fortel den spennande historia om korleis Bibelen vart til, kvifor han er så viktig, og korleis vi skal lesa han."

Denne vesle boka er fenomenal. Forfattaren, som sjølv har vore med på bibelomsetjingsarbeid, forklarar

her så godt som alt ein kan lure på når det gjeld opphavet til Bibelen, korleis manuskripta vi baserer Bibelen på er ivaretatt, kvifor akkurat dei skriftene som er i Bibelen kom med etc.

Forholdet til apokryfe skrifter, både til GT og NT vert forklart, og litt om bibelomsetjing. Alt dette, og meire til, i eit lite lettlest hefte med mange illustrasjonar.

Denne vesle boka eignar seg godt til å bli lest av alle som lurar på noko kring Bibelens tilbliving, og sjeldan ser me eit så lite skrift forklare noko såpass vanskelig så lett som Sagrusten gjer i dette heftet. At heftet også finst på nynorsk gjer ikkje saken verre.

Frå taxisjåfør på Karmøy til vikarprest i Hornindal

Ein prat med Trond Lilleheim

Skulle du møte ein lys Mazda 5 med tala 52 81 81 81 i stor skrift på sidedørene tenkjer du gjerne firmabil. Det stemmer, for eigar er Trond Lilleheim som hadde taxi-firma i Åkrehamn på Karmøy. Men no har han meldt overgang til eit nytt firma: Den norske kyrkja! Den nye vikarpresten i Hornindal prestegjeld har ein variert tenestebakgrunn. Han har gått på ungdomsskule i Hong Kong, arbeidd som grøftegravar på Jæren, vore misjonsprest på Madagaskar og altså drive taxi-firma på Karmøy før han i sommar kom til Hornindal som vikarprest ut kalenderåret. Den trauste, men beskjedne sunnmøringen med det varme smilet og med slekt i Stryn tek vel imot oss for ein liten prat.

Allsidig bakgrunn

Fortel litt om deg sjølv

Eg er fødd i Ålesund for 43 år sidan. Far min var rektor ved SunnmøreFolkehøgskule, og begge foreldra mine var sterkt knytte til misjonen. Då far vart tilsett som rektor på ein misjonsskule i Hong Kong – driven av Misjonsselskapet og Misjonssambandet – reiste heile familien til Hong Kong. Eg var då 14 år, og vi vart der i to år. Første året gjekk eg på den norske skulen, andre året på ein engelsk skule. Kallet til å leve som kristen og arbeide i misjon og kyrkje har eg hatt sidan eg var ung tenåring.

Etter Hong Kong-opphaldet flytta familien vår til Stavanger. Etter gymnasåra på Tryggheim ynskte eg å ta eit kvileår og arbeide innan praktisk yrkesliv. Eg fekk jobb som grøftegravar! Løna var ikkje så stor, men arbeidet var friskt og sunt og gav krefter. Men så vart selskapet avvikla og eg måtte finne noko anna. Eg gjekk til rektor på Misjonshøgskulen i Stavanger og spurde optimistisk om det var mogleg å få starte på presteutdanning. Dette var like før skulestart og langt etter opptaksfristen. Men rektor fann plass til meg og dermed var eg i misjonsløpebana. Og som nyutdanna misjonsprest gjekk vegen til Madagaskar, til Sakaraha på sørvestkysten.

År med sorg

På Madagaskar var eg ikkje åleine. I studietida hadde eg møtt ho som skulle bli



kona mi, Helen Ferkingstad. Ho er utdanna kokk og har arbeidd både på restaurant og storkjøkken.

Vi gifte oss i 1989 og fekk fem born. Men på Madagaskar opplevde vi det triste at eitt av barna våre, Anna, døydd, berre fem år gammal. Det var eit hardt slag for oss alle. Sorga har nok mildna med åra. Men saknet vil alltid vere der. Vi reiste heim til Karmøy, og kjende at vi måtte ha ro for å finne vegen vidare. Men etter ei tid kom kallet til å reise ut att, og vi drog tilbake for ein periode på eitt år. Seinare fekk vi reise ut for fire og eitt halvt år og i denne perioden hadde vi mange gode opplevingar.

....og år med glede

Men åra på Madagaskar gav oss også mange gode minne. La meg få dele eitt: Busetnaden er svært spreidd på Madagaskar, landsbyane ligg ofte langt frå kvarandre. Ein gong gjekk eg i lag med eit gassisk ungdomskor for å besøke ulike landsbyar. I det ulendte terrenget vandra vi til fots i fleire dagar. Siste post var ein liten landsby der få kristne hadde vore innom. Her tok vi oss tid både til samtale, song og forkynning før vi vende heim. Seinare møtte vi nokre frå landsbyen som kunne fortelje at to menn hadde teke imot evangeliet og late seg døype. Eg kjende på at eg hadde fått gitt så lite og lurte på kva

det var ved besøket vårt som hadde vekt trua deira. "Det at du gjekk så mange mil for å møte oss i den vesle landsbyen gjorde at vi skjønnte at bodskapen du gav oss måtte vere umåteleg viktig!" svarte dei! I dag har dei to blitt til ein heil kyrkjelyd. Guds rike veks ut frå det som kan sjå smått ut. Det er stort!

Forankra i klassisk kristendom

Vår nye vikarprest gjev tydeleg til kjenne at basis for hans tru og forkynning er bibelsk forankra kristendom, og at han orienterer seg mot ei fast presteneste i Den norske kyrkja.

I kristen forkynning i dag ligg vekta på at Gud er nådig, kjærleg og mild. Det er ei grunnleggjande bibelsk sanning som vi alltid må halde fram. Men det blir berre ei delsanning dersom vi ikkje held fram at Gud også er heilag og rettferdig. Det er først på bakgrunn av Jesu krossdød for våre synder og hans oppstode til håp og evig liv at vi kan forstå kor djup Guds kjærleik er til oss menneske. Derfor må begge desse sidene haldast fram i forkynninga. Lov og evangelium må få klinge saman for at sann tru kan modnast og kristent liv kan vekse fram.

Eitt av mine ynskje som prest er å oppleve små husfelleskap i kyrkjelydane. Grupper på 6 til max 12 personar som kan møtast ein til to gonger i månaden, gjerne heime hos kvarandre. Det i slike samanhengar menneske kan bli trygge på kvarandre. Her kan ein samlast om Guds ord og bøn. Her kan ein våge å vere open og dele både tru og tvil. Her kan menneske bli hjelpte fram til eit personleg tru. Elles ynskjer eg å vere ein prest som folk opplever dei trygt kan ta kontakt med. Eg tenkjer spesielt på sjuke som ynskjer samtale og forbøn. Eg kan love at når eg får slike spørsmål vil eg gjere alt eg kan for å følgje opp.

Seier Trond Lilleheim som har kontor på SMIA og no bur i prestebustaden i Hornindal, medan kona og dei fire borna (6–21 år) bur heime på Åkrehamn.

Han legg til at han gler seg over den mektige og flotte naturen vi har i indre Nordfjord, og ikkje minst over menneske han her har fått møte og lære å kjenne.

J. Y.



Innvik Fjordhotell/ Misjonsheimen

Velkommen til Kvinnehelg 4.–6. nov. 2011 i samband med Kvinner i Nettverk

”For ei tid som denne...” Ester 4,14

Hovudtalar: Elin Linde Fagerbakke

Lovsongsleiar: Lene Nupen m/ team

Forkynning, lovsong, forbøn,
samtale, fellesskap.

Gjennom 20 år har Kvinner i Nettverk arrangert nasjonale Kvinnekonferansar i nærleiken av Kristiansand. Hausten 2010 var 1600 kvinner frå heile Norge samla, og det blir arrangert stadig fleire regionale konferansar rundt i landet.

Vi har sett tallause kvinner bli oppreist og forandra etter eit nytt møte med Jesus. Dei er blitt betre rusta til å møte krevjande oppgåver i familie, jobb, kyrkjelydar og samfunn som kvinner ofte har.

Kvinner er sentrale i heim og samfunn. Kvinner med Jesus i hjartet blir forandra sjølve og medverkar til endring der dei er.

Vi vil samlast for å inspirere kvarandre til å søkje Gud i kvardagen.

Utfordringa for oss alle er å leve nært og heilhjarta med Han, midt i livet, med alle dei ulike utfordringar vi møter.

Det blir derfor forkynning, vitnesbyrd, samvær, lovsong, bøn og forbøn.

Vi ynskjer nemleg at liva våre, heimane våre, bygdene våre og landet vårt i større grad skal vere prega av Guds nærvær og Hans levande ord.

Vi ynskjer forandring i Norge! Derfor er du velkommen!

Elin Linde
Fagerbakke

Elin er grunnlegger og leder for Kvinner i Nettverk.

Etter 25 år i teneste er ho meir brennande enn nokon gong for å formidle krafta i korsets budskap og livet i Den Heilage Ande inn i vår tid – til alt Guds folk og

til dei som endå ikkje kjenner Gud.

Øvrige talarar og leiarar:

Torill Th. Eidsaa, Else Marie Skeie,
Liv Kaland Fjellstad.

Lokale leiarar:

Arr: Tverrkyrkjeleg lokal komité
i samband med Kvinner i Nettverk
Les meir på www.kvinnerinettverk.no

Påmelding:

Meld deg på direkte til Innvik Fjordhotell,
tlf. 57 87 49 90 www.innvikfjordhotell.no

Kontaktpersonar:

Jorid Lunde mob. 412 99 102

Kari Runde mob. 911 40 876

runde.kari@gmail.com

Olden gamle kyrkje ”ein juvel i Oldekruna”

Utsagnet kjem frå engelskmannen D.R. Cresswell, som var på vitjing i Olden i 2010 med cruise skipet Boudicca. Turisten kom tilbake i år, med same skipet, og da han kom tilbake til gamlekyrkja, og trefte Norun Skarstein, hadde han med ein akvarell som han hadde måla etter fotografi han tok året før. Det var ei helsing til Oldebygda om å ta godt vare på denne juvelen som vi har.

Norun Skarstein har opna opp kyrkjedøra for turistane, og fortalt dei historia om kyrkjene i Olden. Norun har vore kyrkja sin tenar i Olden på mange felt i 25 år Ein sprek og trufast 93 åring, som Oldarane er glade i, og som vi takker hjarteleg!

Før Norun kom tilbake til Olden som pensjonist, var ho i arbeid fleire plasser i landet. I 75 år har ho vore med i det frivillege arbeidet i kyrkje og misjon. Det er eit fint eksempel på teneste i Herrens vingard.

Helsing og takk frå Olden sokneråd



Naustmesse ved Bergsetnausta 13. juni 2011

Av Knut Sigurd Gald

Andre pinsedag og sol og naustmesse ved Bergsetnausta! Bodvar Sølvberg sitt forslag om å legge ei naustmesse til andre pinsedag var ein glimrande ide. Og grunnen han gav til sokneprest Øystein Frivold ein gong midt på 1990-talet, *det er alltid fint "veir" på andre pinsedag.*

Og jammen slo det til i år også. Etter mange veker med regn og nokre dagar med skodde, vakna vi opp til skodde men opphaldsvêr andre pinsedag. Med vêrmeldingar som fortel om regn for resten av veka, kan det tyde på at mange gav opp tanken om ein tur til Bergset nausta då dei såg ut glaset. Men då klokka nærma seg 10 på føremiddagen, forsvann skodda og sola skein frå tilnærma skyfri himmel, og så varma ho godt.

Det vart ein fin sommardag for dei 141 framømte til naustmesse, der humla ivrig surra på jakt etter nektar i fine sommarblomar. I kirsebærtrea i utkanten av Skreddarplassen, har kirsebæra knytt, det vert iallfall god mat for fuglane ut på sommaren, dersom eigaren ikkje vinn å hauste inn. Kjekt var det å sjå at kyrkjelyden denne pinsedagen ikkje berre kom frå dei tre prestegjelda våre, men nokre hadde funne vegen inn til Skreddarplassen frå Gloppen.

Bløminga er over for i år i dei gamle frukttrea som skaper ei fin ramme for altar og prest, i staden har det fått lysegrønt pynteleg skjegg. Under heng kyrkjeklokka, fint dekorert både på sjølve klokka og det fargerike bandet den heng i. Ei bryllaupsgåve frå ein onkel og ei tante i Sveits til eit brudepar på Bergset, vert bært ned berget kvar pinse for å gjere tenesta. Ned til ei idyllisk perle, midt mellom oss her i indre del av Nordfjorden.

Som vanleg er det mange som er involvert i å få Naustmessa vel i hamn. Det er ikkje så mange gudstenester her i Nordfjord som stiller opp med fleire prestar, men til Naustmessa ved Bergsetnausta stiller det minst tre geistlege, slik også i år. Prestane Asbjørn Gjengedal, Harald Runde og Jon Ytrehorn deltok i tillegg til tekstlesarane Geir Ståle Vatnamo og Reidar Sørland.

Og i denne vakre naturen fortalde presten, Asbjørn Gjengedal, om Vår Herres klinkekule. Denne flotte songen til tonar av Finn Ludt og som Erik Bye skreiv og fram-



Skreddarplassen ved Bergsetnausta.



Kyrkjeklokka frå Sveits.

førte, har ein djupare meining i teksten enn i dei fleste songtekstar. Den var ei god ramme for preika.

Tonefølge til salmane fekk vi av Rune Nordvik på trekkspel og Oddvar Almenning på trompet. Men ikkje nok med det, Fjelljom spelemannslag spela to feiande flotte brudeslåttar, *Gamlemarsjen* og *Brudeslått frå Kjølsdalen*, før og etter gudstenesta. Spelemannslaget vart omtala, til applaus frå kyrkjelyden, *som det beste vi har på Vestlandet.*

Fjelljom drog likegodt nokre tonar etter gudstenesta. Då i suset frå munninga av Bergset elva ved Tre kongars naustet der vi som ikkje hadde medbrakt mat og kaffi, fekk mulegheit til å verte servert betasuppe av Nordfjord Aktivitetssenter.

Og etter at vi hadde hatt ei god matøkt og ein god prat med ein eller fleire av dei andre framømte var Alv O. Bergset i sitt ess når han fortalde om naustmiljøet og livet i farne tider.



Tre kongars-naustet i bakgrunnen.

Ma. fortalde han om løyping av trestokkar der det vart brukt fleire løyperenne ned berget, arbeid med tønneband, samt om jektefarten til Bergen og plassen ved Bergset nausta der Fjellarane sine jekter la til land.



Alv O. Bergset fortel.

I år stilte Isabella frå Olden opp for å frakte folk frå begge sider av fjorden til naustmessa, i tillegg til at det var små

private båtar. Og for dei som følte seg spreke nok til å gå berget, er dei gamle sjøvegane frå Sølvberg og Bergset gode å gå. I år, som før, har dugnadsgjengen gjort godt arbeid med å rydde både stien ned berget og også å slå Skreddarplassen.

Så oppfordringa til slutt vert, ta deg ein tur andre pinsedag neste år. Det vert nye spennande songfuglar og musikantar som vert med.



Slepp Bibelen laus!

I *Bibelfortellinger* har Kristin Gunleiksrud gjenfortalt hele Bibelen, med vekt på å behalde dens eigenart, motsetningar og frodighet. Her finner du alle dei kjente bibelforteljingane, men også nokon du trulig ikkje kjenner til. Forteljingane står oversiktlig i rekkefølge og er fortalt i et lett og levande språk. Vi møter både det menneskelige og guddommelige i historier fylt av glede, sorg, humor og smerte. Bibelen er verdens mestselgande bok og en sentral del av vår kulturtradisjon. *Bibelfortellinger* gir lesaren mulighet til å få innsikt i kva boken rommer.

Kristin Gunleiksrud er rådgivar ved IKO – Kirkelig pedagogisk senter. Ho har tidligere vore ansatt i Utdanningsdepartementet, der ho bl.a. var med på å utvikle KRL-faget. Gunleiksrud har skrive fleire bøker og har vore spaltist i Vårt Land i 15 år. Ho sit i Oslo bispedømmeråd, Kirkerådet og Kirkemøtet. Vedlagt foto er teke av Vårt Land.

Forord av Terje Nordby

Frå 14 år og oppover.

Kristin Gunleiksrud meiner at Kyrkja må verte flinkare til å formidle Bibelen sine kompliserte og vanskelege tekstar. I boka "Bibelfortellinger" har ho skrive kjende og ukjende bibelhistorier på ny.

– Eg har ofte lurt på om Kyrkja vågar å ta Bibelen på alvor, seier Kristin Gunleiksrud.

Forfattaren og Kyrkjerådsmedlemet er opptatt av korleis Kyrkja framstiller Bibelen i trusopplæring og i gudstenester.

Snill eller slem

– Når vi i kyrkja bruker Bibelen, vel vi ofte dei tekstane vi likar og som passar inn i eit simpelt snill/slem-skjema. Særlig gjeld dette barnebiblar. Det er ein nesten blasfemisk forenkling å framstille



Jesus som snill. Han vert sint og urimeleg, og gjer ubehagelege og opprørande ting. Eg skulle ønske at Kyrkja lét Bibelens forteljingar strøyme fritt, også dei historiene som ikkje er så lette, seier Gunleiksrud.

Å fortelje dei vanskelege historiene er nemleg naudsynt for at menneske skal finne Bibelen interessant livet igjennom, meiner Gunleiksrud.

Ein komplisert Gud

– Korkje born eller vaksne bør få eit forenkla gudsbilete der Gud reduserast til ein garantist for menneska si lukke. Det forenkla gudsbiletet vert ein ferdig med i 10-årsaldaren. Ein må formidle eit meir komplisert bilete av Gud, og med det mangfaldet av forteljingar som finst i Bibelen, er ikkje det noko problem, seier Gunleiksrud.

Ho peikar på at Bibelens heltar ikkje er så prektige og heilstøypte som vi ofte framstiller dei.

Helt med feil

– David er ein helt, men han snublar og

gjer overgrep, til dømes mot Batseba. Peter går på trynet heile tida. Men når vi brukar forteljingane om dei, tonar vi ned alle feilsteg, all famlinga, alt det menneskelege. Da vert Bibelens personar berre ei samling med moralsk strømlinjeforma menneske, og ikkje dei ekte og sanne menneska dei eigentleg er, seier Gunleiksrud.

14. september kjem ho med boka "Bibelfortellinger".

– Boka vart skriven fordi Bibelen inneheld så mange forteljingar altfor få kjenner. Eg vart slått av kor livsnær og sanne desse historiene er, kor lite skjønmaling Bibelen gjer. Eg voner at fleire kan få kjennskap til bibelforteljingane gjennom denne boka, seier Gunleiksrud.

Ho har lagt seg tett på Bibelens eige språk, og vore varsam med gjendikting og tolkingar.

Overmot?

– Å skrive Bibelen på nytt er heilt klart prega av overmot! Eg skjønar nesten ikkje at eg vågar, men det eg følte eg måtte. Det er noko med desse forteljingane som rører meg valdsamt, seier Gunleiksrud.

– Kan ikkje folk berre lese Bibelen i staden for boka di?

– Jau, og det oppfordrar eg sjølvsagt til. Men Bibelen er litt vanskeleg tilgjengelig, og mange av dei beste forteljingane har gøymt seg mellom lovtekstar og slektstavler. I "Bibelfortellinger" får historiene lov til å skine som dei perlene dei er og dei vert presentert i samanheng. Dette kan gi lesarane ein ny oppleving av forteljingane, seier Gunleiksrud

Min salme

*"Det er makt
i de foldede hender"*

Jeg har en fantastisk cd av Sigvart Dagsland, der han synger salmer. Den tar jeg fram i perioder og spiller den igjen og igjen. Setter på høy styrke og synger med den stemmen jeg har. Kjenner at det fyller meg med ærefrykt, håp og livskraft.

Denne cd'en fikk jeg for mange år siden av ei venninne. Hun døde av kreft kort tid etterpå. Hun var ikke redd for å dø, og brukte mye tid på bønn og å be for andre. Jeg lærte mye av henne om å stole på Gud og om bønn. *"Denne cd'en vil jeg at du skal ha"*, sa hun. Og du verden så mye den har fått være til velsigning for meg.

En av salmene som jeg vil trekke fram her, er den kjente salmen *"Det er makt i de foldede hender"* av Trygve Bjerkreim. Salmen er kraftfull og står som en påle. Jeg må av og til påminne meg selv om sannheten i dette budskapet, og jeg erfarer – igjen og igjen – hvor sant det er.

Det handler om å tro på bønn og bønnens makt, om at Gud hører våre bønner, alltid! Ikke alltid får vi svar med det samme. Ikke alltid får vi det svaret vi hadde ønska. Men Gud gir oss alltid et svar. Hans tidsregning, hans tanker og vesen er høyere enn vi med våre menneskelige begrensninger kan forstå.

Gud elsker oss. Han gir oss det vi trenger til i rett tid, dvs når *Han* ser at det er rett tid. Han går dessuten foran og legger ting til rette, sånn at vi kan gå i ferdiglagte og opplyste spor, skritt for skritt. Det kan være et tålmodighetsarbeid, for vi vil gjerne ha svar med det samme. Det kan ta tid, for som frie mennesker har vi fri vilje til å velge selv hva vi vil gjøre, eller om vi skal vente og lytte til hva eller hvor Herren vil lede oss.

Tenk at vi kan be om alt. Ingenting er for lite, ingen ting for stort. Pottemaker og predikant Rita Aasen forteller i to bøker (*"Han bærer deg"* og *"Du er aldri alene"*) og



i noen radioprogrammer om samme tema (laga av Filadelfia Radio i Kristiansand) om hvordan Gud svarer på bønner i hennes hverdagsliv med Jesus, og om hvordan Han bruker henne og andre mennesker i sin tjeneste. Det er trossstyrkende og utfordrende å lese eller høre på. Det har det vært for meg.

I 2008 fikk jeg gjennom Rita Aasen og bønn være med å gi et bilde til en familie som hadde det vanskelig. Hun beskriver dette i den siste boka si (Kapitlet heter *"Stengte dører"*, og jeg hette Hegrestad da). Det var en sterk opplevelse å få være deltaker i et så konkret og direkte bønnesvar.

Hvor lydhør og lydig er jeg når jeg blir påminna om å gjøre noe for andre? Ta en telefon, gi et smil eller klapp på skulderen,

prate med folk som jeg treffer, sende en hilsen / en blomst, gå på besøk osv? Gjør jeg det? Eller skyver jeg tanken bort når den kommer? For dette kan nemlig bli bønnesvar for et medmenneske den dagen.

Mange av oss ber for andre, mange mennesker er bønnbarn, dvs at de blir bedt for av noen. Mange ser resultater av bønnene sine, andre ser ikke resultat av alle bønnene sine mens de lever. Men vi skal få tro at Gud alltid svarer, selv om det kan ta tid, selv om vi ikke får oppleve det selv i vår levetid. Det er det som holder håpet oppe, at Guds løfter er til å stole på!

Herren er med gjennom hele livet, gjennom alt. Han har ikke lovet at vi skal vandre uten plager, motgang og smerte av ulike slag, men Han har lovet å være med, alltid! Det er en stor trygghet i det. Og når vi har det så vanskelig at vi ikke klarer å be eller når livet er spesielt vanskelig, kan vi be om at Han må bære oss i sine armer. Og jeg vet at Han gjør det. Det har Han gitt meg bekreftelser på, så jeg vet at det er sant!

Gud hører bønn. Gud svarer. Han er der, alltid! Det er makt i de foldede hender!

I Jesu navn, Amen.

Eli Johanne Berg, Blakset

Jeg har utfordra Hege Heggheim Ulvedal til å skrive om *"Min salme"* neste gang.

"Det er makt i de foldede hender"

1.
Det er makt i de foldede hender.
I seg selv er de svake og små.
Men mot allmaktens Gud
du dem vender,
Han har lovet at svar skal du få.

Refreng:
Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer,
dog fram det skal nå.
For det lovet jo
løftenes trofaste Gud:
Kall på meg,
og du hjelpen skal få!

2.
Du som ber for ditt barn,
dine kjære,
Er i forbønn fra år og til år,
Om du tålmodens lekse må lære,
Himlens bønnesvar
en gang du får.

3.
Det er makt i de foldede hender
Når i Frelserens navn du får be,
Og en gang når du livsløpet ender,
Hvert et bønnesvar
klart skal du se.

Trygve Bjerkreim

Oddny under open himmel

Fred

Eg var på veg ut av kyrkja og kyrkjegarden ein junidag. Skulegudstenesta var over. Det hadde vore ei god morgonstund. "Der var fin framferd, mykje deltaking med tenning av lys, song og musikk, tekstlesing og klokking", tenkte eg. Om lag 100 stykke hadde vore samla.

Forventninga til sommarfeien var stor. Også år kom tanken og bønna som tidligare år den siste skuledagen: "Må alle kome tilbake etter sommarferien!"

Utanfor kyrkjeporten møtte eg ein person som var på veg inn på kyrkjegarden med ein plante i handa. Vi samtalte litt, og eg vart med innatt på kyrkjegarden for å sjå på eit par gravsteinar.

På den nyaste stod ordet FRED. "Eg valde ordet *fred* for eg vil ha fred", vart det sagt. Eg sa det ikkje, men eg visste at på gravsteinen til far og mor valde eg også det ordet.

Dette ordet har gjeve meg mange tankar denne sommaren.

Fred er ro, kvile harmoni, kjærleik o.s.v.

Det motsette er krig, terror, ufred, usemje, hat, kamp, angst og redsel.

Kvart år vert Nobels fredspris utdelt til ein som har gjort stor innsats for å skape fred ein eller fleire stadar på jorda. For nokre år sidan fekk Jimmy Carter, tidlegare president i USA, prisen.

Ei skuleklasse i Oslo sende han eit brev med ti spørsmål om fred, og svar fekk dei tilbake. Blant anna fortalde han: Å skape fred er ikkje lett, på mange måtar er det vanskelegare enn å starte ein krig. Fred tek til i kvart enkelte menneske, difor må fred bl.a. ta til i klasserommet. Born må lære seg til å elske fred. På landsplan går fredsarbeidet ut på å løyse internasjonale konflikter, kjempe for demorati, syte for at menneskerettane vert haldne og arbeide for økonomisk og sosial utvikling.

Norge er eit lite land. Det har vore sagt mange gongar denne sommaren. Det har vore eit trygt, fredelig og godt land å bu i. Så kom den 22. juli med ufattelege og vonde hendingar. Nokre få dagar etterpå



står AUF-leiaren fram og seier: "Vi vil ikke ha hat. Vi vil ikke ha hevn."

Kronprinsen uttrykte seg slik: "Kjærlighet fyller våre gater i kveld".

Bibelen nemner fred mange gongar. Der står i Romarbrevet: "Hald fred med alle menneske! Ta ikkje hemn!". Og i Galatarbrevet: "Åndens frukt er kjærleik, glede og fred." I salme 34.15 står der: "Søk fred og jag etter han". Dette uttrykket er også brukt i Hebrearbrevet og i Peters brev. I GT er dei fine uttrykka "Drag bort i fred" og "Vend heim i fred", brukte fleire gongar.

Kvar gong vi er samla til gudsteneste, ber presten fram velsigninga som sluttar slik: "*Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjev deg fred!*" 4. Mos. 6.26.

Lat oss ta imot denne freden!

Sei det med blomster

I 1983 kom der ut ei lita bok i England som heitte: "Say it with flowers", skriven av Beverly Parkin. I 1991 vart ho oversett til Norsk, og i sommar kom eg over eit eksemplar. Forfattaren skriv. "Forleden dag fekk eg eit nokså overraskande spørsmål: Veit du korleis det opplevast å sitje på fanget til Gud og få ein god klem av han?"

Det er ei oppleving som ikkje lar seg beskrive med ord. Men det oppfyller Guds løfte i Bibelen når vi midt i fysisk eller kjenslemessig liding kjenner Guds "hjerteslag" og blir omgjeven av hans varme og tryggleik.

Blomster har uttrykt mykje sorg og medkjensle i sommar. Der ord ikkje rekk til, brukar vi blomster.

Ei av bønene i boka lyder slik:

*"Kjære Far, hald meg nær til deg
Uansett korleis eg har det!
Må eg få vere som eit barn
Som vert halde tett inntil hjartet
Av ein kjærlig Far!"*

OT



På murkanten utanfor kyrkjeporten ved utvik kyrkje vart dette verset opphengt i samband med ein blomsterbukett og eit brennande lys etter dei tragiske hendingane 22. juli

Etter kvart vart der nedlagt fleire blomster og fleire kveikte lys.

Takk til initiativtakaren og deltakarane!

*Det finnes et land bakom tårer
Hvor de vakreste blomster gror
Hvor solen for alltid lyser
Og lykken og gleden er stor.*

*Det finnes et land bakom tårer
Hvor drømmen og fremtiden bor
Hvor englene stille vokter
Hver eneste søster og bror.*

Soknerådet

Greftarør funne på garden Roset

Av Knut Sigurd Gald

Eit gammalt "greftarør" som truleg har tilhørt Rosetgrenda, er teke vare på og er i dag hengt opp på eine veggen i våpenhuset i Nordsida kyrkje.

Greftarøret vart brukt til å setje loddrett ned på kista ved gravlegging dersom presten ikkje var til stades. Dette gjorde det mogleg for presten å gjennomføre jordpåkasting ved eit seinare høve, mest truleg neste gong når presten held gudsteneste i kyrkja.

Utvalet for Inventar og Utsmykking i Nordsida sokneråd vart i si tid oppmoda om å kome med tilråding når det gjeld plassering av greftarøret. Utvalet har arbeidd

med ulike løysingar og soknerådet har no plassert greftarøret på ein av veggane i våpenhuset, der det er hengt opp med ei enkel løysing.

Medlem i utvalet, Alv O. Bergset, fortel at han har snakka med Arve Aarøen som er eigar av bnr 5 på garden Roset i Stryn kommune, der greftarøret vart funne. Arve fortel at røret har lege i eit uthus på garden, noko som han har visst om sidan han var liten gut. Men han har aldri visst, og heller ikkje spurt nokon, om kva røret hadde vore brukt til. Korkje far eller bestefar til Arve har snakka med han om røret.

Det var etter at ein eldre mann i bygda for nokre år sidan meinte dette måtte vere

eit greftarør, at det etter løyve frå Arve vart levert til soknerådet.

Vassrør eller greftarør

Det finns såleis ingen *dokumentasjon* på at dette er eit greftarør, men di meir ein granskar saka, di meir tyder det på at dette er eit identisk eksemplar. Det er reist spørsmål om dette kan vere ein ende av dei kriserøra i tre som under og etter siste verdskrig vart laga til vassforsyning rundt i bygdene. Her i bygda finns det deler av det produksjonsutstyret som vart brukt den gongen, og hjå Per Erik Ulvedal ligg to slike springvassrør laga på låven, – ubrukte, fortel Bergset.



Vassrør

Dei er ca 4 m lange, og indre opning har ein diameter på 42 millimeter. Desse vassrøra er i realiteten trestammar med same ytre form som då trea stod på rot, utan teikn til dreining eller pussing. Ytre diameter varierer sterkt, frå ca 20 cm og oppover. I begge endane er det utfresa eit rundt spor, ca. 4 cm djupt, på "utsida" av vassopninga. Der vart det pressa inn ei 8 cm lang metallhylse som dermed gjekk ca 4 cm inn i kvart av dei to røra som skulle samankoplast.

Det aktuelle greftarøret har derimot ein indre opning med diameter på 6 cm. Den ytre diameteren er mindre i nedre enden, 9,6 cm, enn i øvre, 11,4 cm, og den ytre overflata er tydeleg behandla og jamn. Både den avtakande diameteren mot nedre ende og den jamne ytre overflata gjer at det då var lettare å drage opp att røret etter bruk. Lengda på røret er 1,08 m, kravet til jord over kisteløket er 1 meter.

Ein del av historia frå gravferd i eldre tid kjenner vi til

Så seint som langt ut på 1900-talet hadde gravferdsfølgjet med seg "matkorg" når dei kom til sørgjehuset om morgonen, og dei åt frukost der i heimen. Og når den trekvite heimelaga kista etter ei kort andakt vart



Greftarør

boren ut frå stova, song dei ein salme. Songen vart leia av ein eller fleire forsongarar. Etter at Blix sine salmar vart kjende var det ofte dette verset som vart nytta:

*"Fylg meg Frelsar i den stund
når eg vandrar her or stova.
Fylg meg til den stille lund,
der eg til din dag skal sova.
På mi grav det merket skriv:
"Eg oppreisning er og liv."*

På veg til kyrkjegarden stogga følgjet på bestemte plassar der dei song salmar. Som td. når båten med kista skulle leggje frå land nede ved nausta vart gjerne dette verset nytta:

*"I Jesu namn me stemna fram til Himmelhamn
Med Krist om bord me styra over livsens fjord
Når Han er med me fara i Guds fred."*

Så sette dei seg til årane og rodde. Blaksetbygdarane rodde til Innvik, medan dei som høyrde til på Fjelli rodde til Utvik. Fjellarane la til med båten i "Likstøda" som er teken vare på som eit kulturminne i fjæra nedanfor kyrkjegardsporten i Utvik.

Komme fram til kyrkjegarden var det ny stopp og ny salme:



Greftarør

*"Her møtes alle veie på gravens bratte rand.
Her er vårt siste leie i skyggens mørke land.
Her synke alle hender, her visner hver en krans.
Her samles muldens frender, her falmer støvets glans"*

– Eg har sjølv som liten gut delteke i gravferd der eg opplevde denne framgangs måten ved ei gravferd, fortel Alv vidare.

Greftarør

Ved gravferd i eldre tid var det karane i gravferdsfølgjet som måtte grave opp grava på tilvist plass, og fylle jorda tilbake når kista var senka. Ordet "grefta" vart brukt om grava under arbeidet på kyrkjegarden. Kyrkja vart ikkje nytta på gravferdsdagen, og ofte var presten ikkje til stades. Då var det at greftarøret vart teke i bruk. Før gjenfylling av grava vart det spesielle røret (som er laga av tre) sett loddrett ned på kisteløket. I ettertid, til dømes på ein preikesøndag, kunne presten så føreta jordpåkastinga gjennom hølet i røret, før røret vart drege opp att og teke vare på til neste gravferd i grenda.

– Greftarøret frå Roset har vi, som sagt, no hengt opp i våpenhuset slik at alle kan sjå dette historiske utstyret, som ikkje lenger er i bruk, avsluttar Alv O. Bergset.



Gåve til Hornindal kyrkje

Hornindal kyrkje mottok i slutten av august ei gåve frå Audun Rognes til nytte og prydnad for Hornindal kyrkje. Pengane vil verte forvalta etter Audun sitt ynskje og til beste for kyrkja.

Hornindal sokneråd vil på vegne av kyrkjelyden i Hornindal takke for gåva.

Friluftsgudstenesta i Hornindal

107 møtte fram til friluftsgudstenesta i Hornindal. Den var i hagen ved Svor museet, og var ein del av kulturdagane. Jon Ytrehorn hadde gudstenesta, og med seg hadde han Per Anders Svor, Per Elling og Henriette Kobberstad, Sunniva Alfine Leivdal, Hannah Sofie Flaten, Inge Asbjørn Haugen og organist Anitha Kvamme.

Per Anders Svor las frå nytestamente kunstaren Ander Svor fekk av sin sokneprest ca. 1880, og som har har lege innelåst og ikkje har vore teke fram på nærare 60 år.

Det var 107 frammøtte, langt fleire enn ein hadde rekna med.

Etter gudstenesta overtok museumsdirektør Morten Svendsen. Han ynskte alle velkomne inn i museet til omvising/orientering.

På kyrkjebakken

Konfirmantjubiläum

Søndag 21. august var det konfirmantjubiläum for 50 og 60 års konfirman-tane i Hornindal kyrkje. Av dei 49 som var konfirmerte i 1951 og 1961 var det 33 som deltok. Ein av 60 års-jubilantane, Gunnar Skrede, hadde gudstenesta.

Kyrkjedag for Nordfjord

er i år sett til laurdag 12. november på Fjordane folkehøgskule.

Nærare opplysningar og invitasjon kjem seinare. Det er ynskeleg at flest muleg av dei tilsette deltek saman med dei nyvalde sokneråda.

Sett derfor av dagen no.

Det er også fastsett tid

for medarbeidarsamling for alle kyrkjelege tilsette torsdag 16. februar 2012.

Det kjem også meir informasjon om dette seinare.

Treet ved Nordsida kyrkje

som var i ferd med å vekse seg høgare enn krossen på kyrkjetårnet, noko som ikkje var tenkt ifrå byrjinga, er no hogd ned og fjerna.

Misjonsselskapet med misjonsmesse 4. og 5. nov. i Betania, Eid

NMS si misjonsmesse i Betania på Eid

er ei årviss tilstelling i førstninga av november.

Her er det muleg å få kjøpt heime-laga matvarer og handarbeid, ta lodd på fine gevinstar og kose seg med ein kopp kaffe og god mat. Og ikkje minst kan du lytte til gode forkynnarar på bibeltimane både fredag og laurdag.

Misjonsfesten laurdag ettermiddag er eit høgdepunkt med song av barnekor og misjonsglimt. I år deltek ekteparet Schanke Eikum med glimt frå året i Hong Kong.

Program:

Fredag 4. nov. i Betania, Eid.

Kl. 11 Messa opnar

Kl. 13 Bibeltime ved Kari Leine Balog

Kl. 17 Messedørene stenger

Laurdag 5.nov.

Kl. 11 Messa opnar

Kl. 12 Bibeltime ved Trond Lilleheim

Kl. 15 Misjonsfest: Song og musikkinnslag

Festtale: Åshild og Rolf Schanke Eikum

Alle er hjarteleg velkomne!

*Det Norske Misjonsselskap
ved Områdeutvalet*



Slekt
skal følge
slekters
gang



Nordsida

Døypte:

24/7 Sigve Almenning Hjellbakk.
For. Einfrid Almenning
og Anders Hjellbakk

Døde:

29/6 Jon Harald Fjellkårstad, f. 1944
27/7 Herolf Røyset, f. 1919
28/7 Magnus Nyttun, f. 1920

Randabygd:

Døypte:

2/6 Pernille Normann Hellevang.
For. Kristin Normann
og Rolf Magne Hellevang

UTVIK

Døypte:

7/8 Trygve Skarstein Becht.
For.: Axel Becht
og Olaug Skarstein .

Vigde:

9/7 Per Henrik Bruland
og Torhild Sjursen.



Slekt
skal følgje
slekters
gang



Opp-
stryn

Døypte:

- 5/6 Pernille Olsen Skåre. For. Linn
Petra Skåre og Thomas André
Olsen
- 5/6 Tomas Aahjem. For. Anita Opp-
heim Erdal og Øyvind Aahjem

Vigde:

- 9/7 Laila Thastum og Ståle Sunde

Døde:

- 11/7 Ingrid Skåre f. 1916
- 15/7 Reiel Rolf Tunold f. 1942
- 22/7 Hanne Kristine Fridtun f. 1991

Nedstryn

Døypte:

- 12/6 Daniel Frøysa Bernhoft.
For. Silje Kristin Frøysa og Kjetil
André Kirkeeide Bernhoft
- 12/6 Brita Svarstad Heggdal.
For. Anne Marie Svarstad
og Nils Bjarne Heggdal
- 17/7 Nora Elise Wolczek Lønningen.
For. Eva Katrin Wolczek og
Odd-Erik Lønningen
- 31/7 Christian Anders Frøyset.
For. Jingle Caldamo Villacampa
og Atle Per Frøyset
- 31/7 Anna Holien Bø. For. Marthe
Holien Bø og Rasmus Endre Bø
- 14/8 Endre Øvreberg Hillestad.
For. Irene Hillestad og Vidar
Øvreberg Dysthe
- 14/8 Eirik Bjørnnes Skaare. For. Siri
Anita Bjørnnes og Arve Skaare
- 14/8 Leon Alexander Edelston.
For. Iris Marlen Ekrem og John
Henry Edelston

Vigde:

- 28/5 Sunniva Kveen
og Andre Gjørven

Døde:

- 28/5 Aslaug Havnen f. 1927
- 4/6 Margunn Haldis Sunde f. 1936
- 12/7 Kjell Roald Vinsrygg f. 1944
- 21/7 Kelly Kjellborg Sunde f. 1922

23/7

Jakob P. Sandbakk f. 1923

31/7 Einar Tjensvold f. 1926

22/8 Marit Haldis Egge f. 1922

Loen

Døypte:

- 8/5 Nora Bergh Hagen. For. Heidi
Bergh Hagen og Jan-Tore Hagen
- 24/7 Anine Haugen. For. Ann Christin
og Helge André Haugen
- 24/7 Villemo Brattaker Loen.
For. Jorun Brattaker Loen
og Odd Ivar Loen
- 24/7 Maximillian Augustinus
Drageset-Nøstvold. For. Oddny-
Kristin Anette Drageset
og Alexander Støve Nøstvold

Vigde:

- 25/6 Heidi Olsson Kopperud
og Jørn Mikalsen
- 24/7 Oddny-Kristin Anette Drageset
og Alexander Støve Nøstvold
- 6/8 Terese Kvistad Loen
og Hallstein Loen

Hornindal

Døypte:

- 26/6 Simon Haugen. For. Hanne
Beate Myrvang og Thomas
Haugen
- 26/6 Liam Ringdal Notøy.
For. Inger-Marie Ringdal
og Vegard Lund Notøy
- 27/6 Erik Sverre Andreas Carlborg
Saltkjel. Foreldre Mari Saltkjel
og Andreas Carlborg
- 24/7 Jeyden Pérez Kobberstad.
For. Lene Kobberstad Vindheim
og Charly Morell Pérez
- 31/7 Ana Karoline Alcantara
Kirkhorn. For. Natalia Alcantara
Kirkhorn og Ove Kirkhorn
- 21/7 Kristian Busterud Räftevold.
For. Aase Busterud og Jens
Christian Räftevold Jensen
- 21/7 Sigurd Flore Honningsvåg.
For. Sissel Flore og Ole Morten
Honningsvåg

Vigde:

- 16/7 Reidun Elisabeth Sandnes
og Lars-Elling Tronstad

Døde:

- 8/6 Ragnar Bergfinn Sunde f. 1932
- 31/7 Dagny Paula Lund f. 1917
- 11/8 Olina M. Lillestøl f. 1913

INNVIK

Døypte:

- 17/4 Ida Hjelmeseter Frøholm.
(Døpt i Nedstryn krk.)
For. Otto Terje Frøholm og
Jorunn Hjelmeseter Frøholm.
- 28/8 Erling Reme. For.: Oddbjørn
Reme og Ingunn Pedersen.

Vigde:

- 2/7 Roger André Nundal
og Ingvild Marie Hilde.
- 9/7 Gunnar Boman Rinde
og Ingeborg Lundby Hilde.

Døde:

- 14/7 Inger Marie Sydness, f. 1927.
- 24/7 Wald P. Skåden, f. 1930.

OLDEN

Døypte

- 12/6 Amalie Gjerde Nesdal.
For.: Asle Magnar Nesdal
og Marita Gjerde.
- 10/7 Oliver Solbakken Vangberg.
For.: Odd-Egil Vangberg
og Sandra Solbakken.
- 10/7 Liam Sunde Engesæt.
For.: Kjetil Engesæt
og Susann Eide Sunde.
- 10/7 Sofia Eline Kvame-Eriksen.
For.: Torgeir Eriksen
og Bente Helen Kvame.
- 10/7 Aurora Kvame Reknes.
For.: Cato Reknes
og Sissel Anita Kvame.

Vigde:

- 4/6 Bjarte Krossby og Camilla
Brynstad.
- 30/7 Hans Olav Sunde
og Monica Erstad.
- 6/8 Kjetil Finsås Hansen
og Sigrid Krstin Vanberg.
- 13/8 Odd Atle Skarstein
og Anita Skarstein.
- 27/8 Stig Erik Høgalmen
og Katrine Hansen Loe.

Døde:

- 23/8 Ruth Maria Vangberg, f. 1942.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

18. september; 14. s e pinse – Luk 10, 25-37

Innvik 11:00 Hausttakkefest
Randabygd 11:00 Hausttakkefest

25. september; 15. s e pinse – Luk 17, 11-19

Nedstryn 11:00 Hausttakkefest.
Utdeling av Barnas Kyrkjebok til born
fødde andre halvår 2007. Takkoffer til
Sogn og Fjordane Søndagsskulekrins
Olden 11:00 Hausttakkefest.
Nordsida 11:00 Hausttakkefest
ved Heidi S. Amundsen
Oppstryn 16:00 Hausttakkefest.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

02. oktober; 16. s e pinse – Matt. 6, 24-34

Loen 11:00 Hausttakkefest. Takkoffer
til kyrkjelydsarbeidet. Presentasjon av
nytt sokneråd
Utvik 11:00 Hausttakkefest
Hornindal 11:00 Hausttakkefest.
Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til
IKO/ søndagsskulen
Ljosheim 16:00 Hausttakkefest

09. oktober; 17 s e pinse – Joh. 11, 17-27 og 37-44

Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved
Trond Lilleheim. Takkoffer til kyrkje-
lydsarbeidet. Konfirmantjubileum
Olden 11:00 Gudsteneste
Randabygd 16:00 Gudsteneste

16. oktober; 18. s e pinse – Mark. 2, 18-28

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Takkof-
fer til KFUK – KFUM - speidarane
Nordsida 11:00 Gudsteneste
Innvik 16:00 Gudsteneste ved Trond
Lilleheim

23. oktober; 19. s e pinse – *Salme 73, 23-28

Loen 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
til Kirkens SOS
Utvik 11:00 Gudsteneste
Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Takkoffer til Sjømannskyrkja

30. oktober; Bots-og bededag – *Hebr 3, 17-11

Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
til Kirkens Sosialtjeneste
Olden 11:00 Gudsteneste
Randabygd 16:00 Gudsteneste
ved Harald Runde

06. november; Helgemesse – Matt. 5, 1-12

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Takk-
offertil Norsk Luthers Misjonssamband
Innvik 11:00 Gudsteneste ved Trond
Lilleheim
Nordsida 16:00 Gudsteneste

13. november; 22. s e pinse – * 2 Mos. 3, 11-15

Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
til Sjømannskyrkja – Norsk Kyrkje
i utlandet
Hornindal 11:00 Gudsteneste ved
Harald Runde. Takkoffer til lys- og
varmeanlegg i kyrkja
Utvik 16:00 Gudsteneste

20. november; Siste søndag i kyrkje-året – Matt. 25, 31-46

Ljosheim 11:00 Gudsteneste
Randabygd 11:00 Gudsteneste
Loen 19:00 Ung messe. Takkoffer til
Det Norske Bibelselskap

27. november; 1. s i advent –

Nedstryn 11:00 LysVaken gudsteneste
Olden 11:00 LysVaken gudsteneste
Hornindal 11:00 Gudsteneste. Takk-
offer til Kristen Idrettskontakt, KRIK

04. desember; 2. s i advent –

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Takk-
offer til Sogn og Fjordane Søndags-
skulekrins
Utvik 11:00 Gudsteneste
Nordsida 11:00 LysVaken gudsteneste
for Randabygd og Nordsida

11. desember; 3. s i advent –

Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved
Harald Runde. Takkoffer til Norsk
Misjon i Øst

Innvik: Konsert.

Utvik: Konsert.

Hornindal Julekonsert. Kollekt til song-
og musikkarbeidet i kyrkjelyden.

18. desember; 4. s i advent –

Ljosheim 11:00 Førjulgudsteneste
ved Kjetil Netland
Olden 14:00 Konsert
Nedstryn 20:00 Konsert. Takkoffer
til kyrkjelydsarbeidet

24. desember; Julaftan –

Hornindal omsorgsenter 11:00 Guds-
teneste i stova. Ope for alle
Stryn omsorgsenter 11:30 Gudsteneste
i stova
Randabygd 13:00 Gudsteneste
Loen 14:30 Gudsteneste. Takkoffer
til Kirkens Nødhjelp
Olden Lekmannsgudsteneste.
Utvik 14:30 Gudsteneste
Nordsida 15:00 Gudsteneste
Innvik 16:00 Gudsteneste
Nedstryn 16:15 Gudsteneste.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

25. desember; Juledag –

Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Det Norske Misjons-
selskap – Mali
Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste
Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap
– Mali

26. desember; 2. juledag –

Loen 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til
Det norske Misjonsselskap - Mali
Innvik 11:00 Gudsteneste
Nordsida 11:00 Gudsteneste
Nedstryn 20:00 Ung messe

31. desember; Nyårsafta –

Hornindal 15:00 Gudsteneste. Takk-
offer til diakoniarbeidet i kyrkjelyden

2012

01. januar; Nyårsdag

Utvik 12:00 Gudsteneste



B Fulldistribusjon

No blir det babysong

Dette med song og nynning som kommunikasjon mellom foreldre og born er kanskje ikkje så vanleg som det var for eit par generasjonar sidan. Men dei som har studert det konkluderer med at å synge saman med spedborn og småborn kanskje er det viktigaste vi kan gjere for å gi dei ein god start i livet. Born som får vere med i musikkaktivitetar får ei betre utvikling av språk og blir flinkare til å uttrykke seg enn born som ikkje får dette tilbodet. Dette tek vi konsekvensen av i kyrkja, og startar no opp att babysongsamlingane på tre stader i indre Nordfjord. Dette tilbodet sorterer under trusopplæringa, og dermed får babysongen ein ekstra dimensjon. Her får born og foreldre lære kveldsbøner, bordvers og andre kristne songar i tillegg til mykje anna songstoff.

Det er altså mange, gode grunnar til å delta i dette tilbodet.

Foreldre som er heime med born i alderen 0–2 år er velkomne saman med barnet sitt. Det er også høve til å ta med eldre sysken. Tilbodet går til alle som bur i Stryn og Hornindal kommunar og tilbodet blir gitt på Huset vårt i Hornindal, på Solvang i Olden, og på Betania i Stryn sentrum. I Stryn er det Ruth Solveig Nydal Netland og Ingeborg Åsebø som står for tilbodet, i Olden er det Heidi Amundsen og i Hor-



nindal Oline Løvlid. I Stryn og Olden går tilbodet kvar veke, kvar onsdag kl 1030 heile vinteren. I Hornindal må de fylgje med på Honndalsportalen for nærare annonsering, men vi veit at det kjem til å vere måndagane klokka 1100.

Sjølv om dette tilbodet ikkje har noka form for "obligatorisk frammøte", ynskjer vi likevel at de melder dykk på, slik at vi kan ha ei oversikt over kor stor interessa

er. Ta kontakt med Heidi Amundsen på kyrkjekontoret,
heidi.amundsen@stryn.kommune.no
tlf. 410 46 057 / 57 87 48 14

Kva kostar det? Dette får du for 20 kr kvar gong du er med, og då inkluderer det kaffi og frukt. Ver med og gi borna dine det beste, lær (eller frisk opp att) kjende barnesongar, bårsullar, rim og regler, kveldsbøner, barnesalmar og voggesongar. Vi vil synge, leike, lytte til musikk, lese i barnebøker og prate med kvarandre. På babysong kan de bli kjende med andre familiar i same livssituasjon. Ta med eit pledd som barnet ditt kan ligge på, og ver velkomne, både du og den vesle.


Tid og stad:

Betania, Stryn sentrum, kvar onsdag kl. 1030. Oppstart 7. sept.

Solvang, Olden sentrum, kvar onsdag kl. 1030. Oppstart 7. sept

Huset vårt, Grodås sentrum, måndag kl. 1100. Oppstart i løpet av hausten. Fylg med på Honndalsportalen og lokal annonsering.

KAFFEKROKEN



Neste nummer vert distribuert i posten 8. desember. Redaktør for det er Anne Marie Skogli Vatnamo. Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 8. november.